

## REPRESENTANTSKAPSMØTE

Møtedato: 05.06.23

Sak nr: 09/23

Sakshandsamar: Bjørn Berg/OC Fredriksen

### Ny selskapsorganisering

#### Vedlegg:

Reglement for styret i NGIR

#### Saksgang:

- Styresak 28/20 NGIR organisering
- Representantskapsak 27/20 NGIR organisering
- Styresak 14/21 NGIR organisering
- Representantskapsak 14/21 NGIR organisering
- Styresak 04/22 Selskapsorganisering av NGIR
- Representantskapsak 10/22 Selskapsorganisering av NGIR
- Styresak 06/23 Forslag ny selskapsorganisering etter høyring
- Styresak 12/23 Forslag ny selskapsorganisering etter høyring

Det blei i styresak 28/20 og representantskapsak 27/20 avdekket eit behov for ei ny selskapsorganisering av NGIR. Dette skuldast det sterke innslaget av næringsaktivitet i NGIR IKS (ca. 40 % av omsetnaden). Skal NGIR drive næringsaktivitet vidare må dette gjerast innanfor ei anna ramme enn i eit IKS, som primært er oppretta for offentleg oppgåveløysing.

Styret har vurdert fleire modellar, men det vart tidleg klart (styresak og representantskapsak 14/21) at dei fleste delane av NGIR ikkje kan delast i ein del for næringsverksemd og ein del for hushaldstenester. Ei slik oppsplitting vil føra til svært svekka tenester og sterkt aukande kostnader for begge delar av NGIR.

I styresak 04/22 og representantskapsak 10/22 vart det lagt fram eit forslag til ny selskapsorganisering av NGIR. Før endeleg vedtak sende Representantskapet saka til høyring hjå NGIR sine eigarkommunar.

Styret handsama forslag til ny selskapsorganisering etter høyring i styresak 06/23 og 12/23, og styret legg no fram endeleg forslag til organisering til vedtak i representantskapet.

#### Offentleg myndigheitsutøving :

Styret har teke innspel frå høyring og presenterer ei selskapsorganisering som er i tråd med den modell som vart sendt ut på høyring, med unntak av organisering av sakshandsaminga/forvaltninga av renovasjons- og slamtømmetenesta for innbyggjarane i eigarkommunane.

I prosessen med å utarbeide ein modell for ny selskapsorganisering har det diverre ikkje vore vurdert konsekvensane ved at NGIR har fått fullmakt frå eigarkommunane til å utøve offentlig myndighet på hushald- og slamtømmeområda, i tråd med forskriftene for renovasjon og slamtømming. Dette vart oppdaga rundt årskifte og det ble då bede om ei juridisk avklaring. Svaret frå Advokatfirmaet Simonsen Vogt Wiik AS er som følger:

*Utøvelse av vedtakskompetanse innebærer å utøve offentlig myndighet – når slik vedtakskompetanse delegeres til et selvstendig rettssubjekt, som et IKS, aktualiseres noen forvaltningsmessig prinsipielle problemstillinger, som igjen nødvendiggjør visse nærmere vurderinger.*

*I NOU 2000:22 (om oppgavefordelingen mellom stat, region og kommune) står følgende: "Interkommunalt samarbeid reiser både prinsipielle og praktiske problemstillinger. De prinsipielle problemstillingene dreier seg i stor grad om avveining mellom tungtveiende hensyn som står mot hverandre. Hensynet til effektivitet og beslutningsdyktighet brytes mot hensynet til demokratisk styring og kontroll."*

*Kommuneloven og forurensningsloven gir kommunestyret adgang til å delegere myndighet til å treffe enkeltvedtak videre til andre rettssubjekter, herunder interkommunale selskaper, jf. koml. § 5-4 og forurl. 83 (3):*

- *Kommuneloven § 5-4 bestemmer følgende:  
"For saker som gjelder **lovpålagte oppgaver**, kan kommunestyret og fylkestinget **delegere myndigheten til å treffe vedtak til andre rettssubjekter** så langt **lovgivningen åpner** for det."*
- *I forurensningsloven er det åpnet for at myndighet til å treffe enkeltvedtak kan delegeres, jf. forurl. § 83 (2):  
"Når **særlige hensyn** taler for det, kan kommunestyret og fylkestinget **delegere myndighet til å treffe enkeltvedtak** til henholdsvis kommunale/interkommunale og fylkeskommunale/interfylkeskommunale selskaper."*

*Formålet med forurl. § 83 (2) var å sikre en klar lovhjemmel for delegering av myndighet til slike selskaper og dermed sikre effektive interkommunale selskaper innenfor avløps- og renovasjonssektoren, jf. [Ot.prp. nr. 74 \(1987–1988\) kap. 5](#).*

*De nevnte bestemmelsene i hhv. kommuneloven og forurensningsloven oppstiller et hjemmelskrav: Den kompetansen som er lagt til kommunene (f.eks. gjennom forurl. §§ 46, 26 og 30) kan kun delegeres dersom det kan påvises særskilt hjemmel.*

*Både kommuneloven § 5-4 og forurensningsloven § 83 (2) er positivrettslige bestemmelser, i den forstand at de angir hvilke organer som kan tildeles myndighet til å treffe enkeltvedtak. Dette kan tolkes strengt slik at organer som ikke eksplisitt er angitt, det være seg underliggende selskaper, ikke kan tildeles slik myndighet.*

*Forarbeidene til forvaltningsloven trekker i tilsvarende retning, jf. NOU 2019:5 Ny forvaltningslov pkt. 15.2.2:*

*"De organer eller personer som er delegert myndighet, kan ikke delegere videre uten at det er lovgrunnlag for det."*

*Hvor strengt **lovgrunnlag** som skal stilles for delegering og videredelegering har vært diskutert i juridisk teori, innenfor den såkalte delegasjonslæren. Det finnes også et par høyesterettsdommer som tyder på at den tradisjonelt sett ganske strenge delegasjonslæren modifiseres noe, og at hensyn som praktisk organisering av virksomheten og forvaltningsmyndigheten vil kunne vektlegges i retning av at videredelegering bør tillates i visse tilfeller. Det skal dog påpekes at disse høyesterettssakene ikke gjelder kommunehierarkiet, men gjelder delegering fra departement til direktorat og videredelegasjon til fylkesmann/statsforvalter.*

*Basert på vår gjennomgang vil vi i utgangspunktet anbefale å være tilbakeholden med å videredelegere myndighet til å fatte enkeltvedtak til IKSets datterselskap. Som påpekt over må det foreligge et **lovgrunnlag** for slik videredelegasjon - det kan vi så langt ikke se at det gjør her. Samtidig kan vi ikke utelukke at et lovgrunnlag kan påvises, og vi kan heller ikke utelukke at videre undersøkelser av den ulovfestede delegasjonslæren kan etablere et alternativt grunnlag for videredelegasjon til AS, men det vil kreve en grundigere vurdering av rettskildene.*

*En mulig løsning som også kan vurderes, er at ansatte i ASet forbereder avgjørelsene og utarbeider forslag til vedtak, som da behandles og fattes i IKSet.*

*Med vennlig hilsen*

**Nina Sørensen**

**Advokatfullmektig**

*Ansvarlig advokat: Trine Lise Fromreide*

**simonsen  
vogtviig**

Styret ynskjer, på bakgrunn av dette, ikkje å ha eit eige AS for Hushald, men i staden la dette ligga i IKSet som i dag. Det har tatt mange år og mykje arbeid å få etablert løysinga vi har i dag og det er ei god løysing. Å endra dette vil truleg vera fordyrande og vil svekka den juridiske stillinga for vedtaka som dagleg vert fatta. Argumentet for å etablere Hushald AS var at eit ynskje om lik handsaming av så mange tilsette som mogleg, men då dette berre gjeld 6 tilsette og det set den juridiske stillinga for offentlig myndigheitsutøving i fare, synast dette argumentet ikkje lenger å vera sterkt nok.

## **Ny selskapsorganisering**

### Føresetnader

Det er sett følgjande føresetnader for ny selskapsorganisering:

- Sikra at selskapsstruktur er i tråd med gjeldande regelverk og varsla framtidig regelverk
- Gjera NGIR klar for det grønne skiftet
- Legga til rette for næringsutvikling med like rammer og moglegheiter som konkurrentar
- Gjera det mogleg å raskare respondera på endringar i krav, marknaden og produksjonsmetodar
- Sikre dagens arbeidsplassar og leggja til rette for å skapa nye arbeidsplassar
- Spreie økonomisk risiko


- Sikre dagens stordriftsfordelar
- Sikre tenesta for hushalda
- Ny organisering skal ikkje i seg sjølv føra til auka gebyr eller prisar
- Sikre at alle deler av NGIR vert styrt i tråd med overordna strategi for NGIR
- Sikre like vilkår og rettar for alle tilsette i NGIR

### Høyring hjå eigarkommunane

Høyringa hausten 2022 gav tilslutnad til modell for ny selskapsstruktur frå ein av eigarkommunane, tre eigarkommunar hadde ikkje merknader, medan tre eigarkommunar åtvare mot å opprette for mange selskap og då spesielt for sjølvkostområde (hushaldsrenovasjon). Når det no er kome fram juridiske moment som gjer at ein ikkje bør flytta forvaltninga av hushaldsrenovasjon og slam ut i eit aksjeselskap, svarar dette og delvis på det som er kome fram i høyringa.

### Selskapsstruktur

Selskapsstrukturen vil sjå ut slik:



### Nye selskap

Konkret vert det oppretta to aksjeselskap; Salselskapet NGIR Næring AS som sel


næringstenester, og produksjons- og logistikkelskapet NGIR Drift AS som leverer hushaldstenester til NGIR IKS og næringstenester til NGIR Næring AS.

Dei fleste tilsette vert flytta til NGIR Drift AS (76 tilsette), medan 8 tilsette vert flytta til NGIR Næring AS.

Eigedomar vert liggjande i NGIR IKS og vert leigde ut til NGIR Drift AS (NGIR Næring AS leigar kontorplassar). For bilar, maskiner og anna utstyr som er kjøpt inn hjå NGIR IKS, vil desse verte leigde ut til dotterselskapa fram til dei er utrangert (sjå meir under Avtalar). Nye anleggsmiddel, med unntak av eigedom, vert kjøpt inn av dotterselskapa sjølv. Dette lettar presset på den kommunale lånegarantien som NGIR IKS har hjå eigarkommunane.

Ansvarsfordeling mellom selskapa kan visast slik:


## NGIR - Ansvarsfordeling



## Eigarskap

Eigarskapet vil vera som følgjer:

### NGIR - Eigarskap



### Reglement for styra i NGIR:

I staden for å regulera styring av NGIR frå representantskapet i ein styreinstruks, som etter lova skal vedtakast av styret sjølve, synast det betre å etablera eit eige reglement for styra i NGIR IKS og dotterselskapa. Reglementet vedtakast og endrast av NGIR sitt representantskap, og representantskapet får soleis utvida kontroll, samanlikna med aksjelova si føresegn, på heile NGIR konsernet (NGIR IKS og dotterselskapa). Forslag til reglement fylgjer vedlagt.

Reglementet knyter ansvaret til styret i NGIR IKS til IKS lova sine føresegner, og styra i aksjedotterselskap Aksjelova sine føresegner, men har fylgjande føresegner i tillegg:

- Styret i NGIR IKS utgjer generalforsamlingane for aksjedotterselskap av NGIR IKS. Dette er i tråd med IKS lova, men det vert likevel teke med i reglementet for å synleggjera strukturen i styringa av NGIR konsernet.
- Styret i NGIR IKS skal veljast som styrer i NGIR IKS sine dotterselskap.
- Dagleg leiar i NGIR IKS skal vera dagleg leiar i NGIR IKS sine dotterselskap. Føresegnene skal vera med på å halde konsernet samla og unngå at delar av konsernet går sine eigne vegar. Det gjev og ein direkte link frå representantskapet til styremedlemmane i dotterselskapa.

- Revisor i NGIR IKS skal veljast som revisor i NGIR IKS sine dotterselskap. Det er ikkje å anbefala at konsernet sine selskap har forskjellige revisorar.
- Eventuelt etablering av dotterselskap eller dotterdotterselskap må vedtakast av representantskapet. Dette er ei føresegn som gjev den same fullmaktsordninga som i dag etter utskiljing av deler av verksemda i aksjeselskap.
- Alle dotterselskap i NGIR konsernet utarbeider sine eigne budsjett og økonomiplanar i tråd med aksjelova sine føresegnar. Desse skal leggjast fram for representantskapet for vedtak i same møtet som representantskapet handsamar NGIR IKS sitt budsjett og sin økonomiplan. Dette er og ei føresegn som gjev same fullmaktsordninga som i dag, og set dei same grenser for styra i dotterselskapa som det er i IKSet.
- Styret har fullmakt til å gjera investeringar utover den vedtekne ramme, avgrensa til kr 5 million årleg. Då representantskapet som regel berre har to møter pr år kan det vera ei føremon å gje styret høve til å gjera endringar i investeringsramma. Føresegna er i tråd med tidlegare vedtekne fullmakter for styret i NGIR IKS, med ei justering i tråd med prisvekst.
- Styret har fullmakt til å gjera endringar i vedtekne årlege driftskostnader med auke i driftsinntekter med eit tillegg på inntil 3 %. Som ved punktet over kan det vera ei føremon å gje styret høve til å gjera endringar i driftsramma. Fullmakta er bygga på tidlegare vedtekne fullmakter for styret i NGIR IKS.

**Avtalar:**

Det må vera avtalar mellom dei tre selskapa i NGIR konsernet som regulerer tenestenivå, mengder, prisar og avtalerettslege forhold. Avtalane er:

Avtale	Mellom	Kommentar
A. Leige driftsmiddel	NGIR IKS og NGIR Drift AS	Bilar, maskiner og anna utstyr til ei årleg leige på 11,8 millionar fyrste år. Etter kvart som driftsmidla vert utrangert avsluttast leiga. Nye driftsmiddel må kjøpast av NGIR Drift AS.
B. Leige næringsområdet Kjevikdalen	NGIR IKS og NGIR Drift AS	Leige av anlegget i Kjevikdalen med unntak av deponi, gjenvinningsstasjon og drifts- og administrasjonsbygg. Alle drifts- og vedlikehaldskostnader skal dekkast av NGIR Drift AS.

B2. Leige deponi Kjevikdalen	NGIR IKS og NGIR Drift AS	Leige av deponi med reinseanlegg i Kjevikdalen. Alle drifts- og vedlikeholdskostnader skal dekkast av NGIR Drift AS.
C. Leige kontor, garderobe, spiserom og parkering	NGIR IKS og NGIR Drift AS/ NGIR Næring AS	Leige gammalt og nytt drifts- og administrasjonsbygg inkludert avgifter, straum, reinhald, drift og vedlikehald.
D. IKT utstyr og tenester	NGIR IKS og NGIR Drift AS/ NGIR Næring AS	Leige av felles IKT utstyr og tenester.
E. Rekneskaps-, løns- og økonomitenester	NGIR IKS og NGIR Drift AS/ NGIR Næring AS	Leveranse av rekneskaps-, løns- og økonomitenester.
F. Styre og dagleg leiing	NGIR IKS og NGIR Drift AS/ NGIR Næring AS	Styret og dagleg leiar i NGIR IKS skal vera styre og dagleg leiar i dotterselskapa.
G. Støttefunksjonar	NGIR IKS og NGIR Drift AS/ NGIR Næring AS	Kommunikasjonsrådgjevar og seniorrådgjevar er felles støttefunksjonar for alle deler av NGIR konsernet.
H. Mottak avfall	NGIR Drift AS og NGIR Næring/ NGIR IKS	NGIR Drift AS skal ta imot og vidare handsama avfall frå kundane til NGIR Næring og NGIR IKS (hushaldskundar).
I. Drift gjenvinningsstasjonar	NGIR Drift AS og NGIR IKS	NGIR Drift AS skal drifta gjenvinningsstasjonane, inkludert dei mobile, for NGIR IKS.
J. Innsamling og transport av avfall	NGIR Drift AS og NGIR Næring/ NGIR IKS	NGIR Drift AS skal samle inn avfall hjå hushalds- og næringskundar og transportere dette til Kjevikdalen.
K. Konteinrar, dunkar, posar og liknande	NGIR Drift AS og NGIR Næring/ NGIR IKS	NGIR Drift AS skal ha ansvar for kjøp, vedlikehald og drift av konteinrar, dunkar, posar og liknande.
L. Innkjøps- og kontraktsstøtte	NGIR Drift AS og NGIR Næring/ NGIR IKS	NGIR Drift AS gir innkjøps- og kontraktsstøtte.
M. Produksjon grus og pukk	NGIR Drift AS og NGIR Næring AS	NGIR Drift AS produserer grus og pukk som NGIR Næring AS sel i marknaden.





Så lenge det er snakk om en direkte overgang fra en offentlig tjenstepensjon til en annen, får det ikke konsekvenser for den ansatte ved overføring til det nye selskapet. Heller ikke rettigheter knyttet til AFP.

Det forutsetter selvfølgelig at det nye selskapet har en offentlig tjenstepensjon – eller at det opprettes en avtale om offentlig tjenstepensjon gitt at det nye selskapet fyller kriteriene for å tegne en slik avtale.

Vennlig hilsen

**Frode Ekker**

Kunde- og Salgsleder

+47 99 00 28 29

[fre@klp.no](mailto:fre@klp.no)



**Kommunal Landspensjonskasse** gjensidig forsikringsselskap

Zander Kaaes gate 7, 5015 Bergen

Tlf.: 55548500

[klp.no](http://klp.no)

Overføringa av dei tilsette vil følgja føresegna i Arbeidsmiljølova kapittel 16.

**Innskot i nye selskap:**

Det må skytast inn midlar i dei to nye selskapa i samband med stiftinga.

For Næring AS er det berre naudsynt med eit mindre innskot, som skal dekke ein til to månader med drift. Dette er maks kr 500 000, og det anbefalast difor ein aksjekapital på kr 500 000 for selskapet.

Drift AS har store driftskostnader, og årleg utskifting av biler og maskiner. Det anbefalast difor å skyta inn eit beløp i selskapet, som gjer det mogleg å ha ein eigenkapital til å ta opp nye lån for investering i nye driftsmidlar etter kvart som dagens vert utrangert. Totalt anbefalast det å skyta inn kr 15 millionar i Drift AS, der kr 5 millionar er aksjekapital og kr 10 millionar er innskoten eigenkapital.

Når det gjeld nye tenester, som mellom anna investering i eit vaskeanlegg for lettare forureina masser, anbefalast dette løyst ved eit eiga innskot når dette vert aktuelt. Dette vil det verte lagt fram ei eiga sak om til styret og representantskapet.

Innskota finansierast av ledig likviditet.

## Vedtak om delegering av deler av eineretten for utøving av lovpålagte oppgaver innan hushaldsavfall til NGIR Drift AS

For at det framtidige selskapet NGIR Drift AS skal kunne levere tenester til innbyggjarane i NGIR kommunane som NGIR IKS gjer i dag, må NGIR IKS delegera einerett til NGIR Drift AS.

NGIR IKS har einerett til innsamling og handtering av hushaldsavfall i Alver, Austrheim, Fedje, Gulen, Masfjorden, Modalen og Solund kommune, jf. forskrift om innsamling og handsaming av hushaldsavfall § 5 (2) ("forskrifta").

*"Kommunane som er deltakarar i NGIR gjev gjennom forskrifta NGIR einerett på innsamling og handsaming av hushaldsavfall innanfor forskrifta sitt verkeområde. NGIR kan tildela heile eller delar av eineretten til eventuelle dotterselskap."*

I samband med omorganiseringa er det då hensiktsmessig å delegera delar av eineretten vidare til det nystifta, heileigde dotterselskapet; NGIR Drift AS.

NGIR Drift AS vert oppretta som et produksjons- og logistikkelskap for hushaldsavfall og næringsavfall ("blanda tenester"). Selskapet skal utføre renovasjonsoppgåver tilknytt innsamling og handsaming av hushaldsavfall, jf. forureiningslova § 30, og tilby renovasjonstenester innan næringsavfall til NGIR Næring AS.

Den delen av driftsselskapet si verksemd som knyter seg til hushaldsavfall, skal utførast i medhald av den eineretten eigarkommunane har tildelt NGIR IKS.

Ein føresetnad for at slik einerett kan delegerast vidare til NGIR Drift AS, er at selskapet er eit "offentlegrettsleg organ", jf. forskrift om offentlege anskaffingar § 1-2 (2).

*a) er oppretta for å tjene allmennhetens behov og ikke er av industriell eller forretningsmessig karakter,*

*b) er et selvstendig rettssubjekt og*

*c) har tilknytning til det offentlige ved at*

*1. organet hovedsakelig er finansiert av offentlige myndigheter eller andre offentligrettslige organer,*

*2. organets forvaltning er underlagt slike myndigheters eller organers ledelsesmessige kontroll eller*

*3. organet har et administrasjons-, ledelses- eller kontrollorgan der over halvparten av medlemmene er oppnevnt av slike myndigheter eller organer.*

NGIR IKS har innhenta ei juridisk vurdering av om NGIR Drift AS oppfyller vilkåra for å være eit offentlegrettsleg organ, jf. notat frå Advokatfirmaet Simonsen Vogt Wiig AS datert 12. november 2021. Sitat:

*Etter dette er vi kommet til at vilkårene for å tildele enerett etter anskaffelsesforskriften § 2-3 vil være oppfylt for NGIR Drift AS, med følgende presiseringer:*

*Våre resonnementer ovenfor forutsetter at eneretten begrenses til innsamling/håndtering av husholdningsavfall, jf. de lovpålagte renovasjonsoppgavene i forurensningsloven § 30. Som gjennomgått ovenfor kan et selskap tildeles en enerett innenfor et definert tjenesteområde, og samtidig drive kommersiell virksomhet i et konkurranseutsatt marked.*

*(...)*

*Som nevnt har EU-domstolen akseptert at det drives utstrakt kommersiell virksomhet i tillegg til de oppgaver som skal tjene allmennhetens behov, men vi antar at det må være en øvre grense for hvor stor andel av omsetningen som kan skrive seg fra den kommersielle virksomheten. Derfor gjør vi oppmerksom på at det bør gjøres en ny vurdering av enerettsspørsmålet dersom andelen næringsavfall i driftsselskapet øker.*

Administrasjonen har bedt Advokatfirmaet Simonsen Vogt Wiig AS, om ei spesifikk vurdering av kor grensa for del av omsetnad som kan koma frå kommersiell verksemd er. Vi har motteke dette svaret:

*Den aktuelle formuleringen er gjengitt fra vårt notat datert 12. november 2021 («Omorganisering – vurdering av strukturering/ansvarsfordeling skissert av NGIR»), jf. pkt 2.4.2 – nederst på side 6.*

*I notatet la vi til grunn deres opplysninger om at fordelingen mellom hhv. husholdningsavfall og næringsavfall i driftsenheten er omtrent 60 % / 40 %.*

*KOFA sak 2012/157 mfl. som gjaldt BIRs forbrenningsanlegg i Rådalen er langt på vei overførbart til NGIR og spørsmålet om tildeling av enerett til driftsselskapet. BIR Avfallsanlegg AS hadde på det aktuelle tidspunktet en fordeling mellom husholdningsavfall og næringsavfall på ca. 40 % og 60 % (jf. premiss 23 og 27). Etter KOFAs vurdering var dette ikke til hinder for at selskapet «tjener allmenhetens behov» og ikke er av «industriell eller forretningsmessig karakter» – et nødvendig vilkår tildeling av enerett var dermed oppfylt (jf. anskaffelsesforskriften § 1-2 annet ledd). KOFA aksepterte altså i denne saken enerett basert på 40 % husholdningsavfall, mens NGIRs andel er 60 %.*

*Som vi påpeker i notatet har EU-domstolen akseptert at det drives utstrakt kommersiell virksomhet i det aktuelle selskapet, jf. sak C-44/96:*

*“The fact (...) that meeting needs in the general interest constitutes only a relatively small proportion of the activities actually pursued by the ÖS is also irrelevant, provided that it continues to attend to the needs which it is specifically required to meet.” Her var det altså snakk om et selskap med en relativt liten andel lovpålagt virksomhet, men EU-domstolen mente at det var irrelevant, forutsatt at selskapet fortsatt hadde til formål å tjene allmenhetens behov.*

*For at NGIR Drift AS ikke lenger skal være i posisjon til å inneha en enerett, må driften endres i så stor grad at selskapet endrer karakter til å bli*

*industriell/forretningsmessig. Akkurat hvor grensen går mellom andel husholdningsavfall/-næringsavfall er vanskelig å si, men vil også for ordens skyld presisere at denne fordelingsnøkkelen er ett av flere momenter som inngår i vurderingen av om selskapet er av industriell eller forretningsmessig karakter.*

Utføringa av dei aktuelle oppgåva innan hushaldsavfall må regulerast nærare i eigne avtalar mellom NGIR IKS og NGIR Drift AS (sjå punktet Avtalar).

For at delegeringa skal vera gyldig må Representantskapet fatta følgjande vedtak:

«Nordhordland og Gulen Interkommunale Renovasjonsselskap IKS delegerer einerett til NGIR Drift AS for å utføre deler av eigarkommunane sine forpliktingar iht. forureiningslova § 30, jf. forskrift om offentlege anskaffingar § 1-3 (2) bokstav h.

Følgjande oppgåver innan hushaldsavfall skal utførast av NGIR Drift AS i medhald av tildelt einerett:

- Innsamling/transport av avfall
- Mottak og vidare handsaming av avfall
- Drift av gjenvinningsstasjonar

Med mindre NGIR IKS vedtar noko anna, har NGIR Drift AS einerett til å utføre angjevne oppgåver så lengje NGIR IKS har einerett til å utføre lovpålagte oppgåver innan hushaldsavfall for eigarkommunane.»

#### **Vegen vidare:**

Ved eit positivt vedtak i representantskapet og ei fullmakt til styret til å fullføra prosessen, vil styret stifta dei nye selskapa og implementera dei naudsynte endringane. For å få ei enklare overgang for løn og rekneskap, anbefalast det at endringa vert gjennomført med verknad frå og med 01.01.2024.

#### **Framlegg til vedtak:**

1. Representantskapet vedtek ny selskapsorganisering av NGIR i tråd med denne sak.
2. Representantskapet vedtek Reglement for styret i Nordhordland og Gulen Interkommunale Renovasjonsselskap IKS.
3. Styret får fullmakt til å gjennomføra ny selskapsorganisering av NGIR i tråd med denne sak.

4. Nordhordland og Gulen Interkommunale Renovasjonsselskap IKS delegerer einerett til NGIR Drift AS for å utføre deler av eigarkommunane sine forpliktingar iht. forureiningslova § 30, jf. forskrift om offentlege anskaffingar § 1-3 (2) bokstav h.

Følgjande oppgåver innan hushaldsavfall skal utførast av NGIR Drift AS i medhald av tildelt einerett:

- Innsamling/transport av avfall
- Mottak og vidare handsaming av avfall
- Drift av gjenvinningsstasjonar

Med mindre NGIR IKS vedtar noko anna, har NGIR Drift AS einerett til å utføre angjevne oppgåver så lengje NGIR IKS har einerett til å utføre lovpålagte oppgåver innan hushaldsavfall for eigarkommunane.

## **Reglement for styret i Nordhordland og Gulen Interkommunale Renovasjonsselskap IKS (org.nr. 856 167402)**

Representantskapet har i møte den 05.06.23 vedteke følgjande reglement for styret i samsvar med IKS-lova § 13 om styret si myndigheit. Reglementet gjelder for styret si verksemd parallelt med den til ei kvar tid gjeldande selskapsavtale i Selskapet. Ved eventuell motstrid går selskapsavtalen framfor.

1. Endringar i reglementet kan vedtakast av representantskapet med alminneleg fleirtal.
2. Eit vedtaksført styre i NGIR IKS utgjer generalforsamlingane for aksjedotterselskap av NGIR IKS.
3. Styret i NGIR IKS skal veljast som styre i NGIR IKS sine dotterselskap.
4. Dagleg leiar i NGIR IKS skal vera dagleg leiar i NGIR IKS sine dotterselskap.
5. Revisor i NGIR IKS skal veljast som revisor i NGIR IKS sine dotterselskap.
6. Eventuelt etablering av dotterselskap eller dotterdotterselskap må vedtakast av representantskapet.
7. Alle dotterselskap i NGIR konsernet utarbeider sine eigne budsjett og økonomiplanar i tråd med aksjelova sine føresegn. Desse skal leggjast fram til vedtak for representantskapet i same møtet som representantskapet handsamar NGIR IKS sitt budsjett og sin økonomiplan.
8. Styret har fullmakt til å gjera investeringar utover den vedtekne ramme, avgrensa til kr 5 million årleg.
9. Styret har fullmakt til å gjera endringar i vedtekne årlege driftskostnader med auke i driftsinntekter med eit tillegg på inntil 3 %.